

NotatDato: 19.12.2017
Arkivsak: 2017/2682-53
Saksbehandlar: mernord

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland**Frå sak PS 45/17 på møte i RMNF den 06.12.2017:****Samandrag**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har blitt oppfordra frå fylkeseldrerådet til å handsame denne saka. Det er ein utfordring for den kommunale pleie- og omsorgstenesta å skaffe teiknspråkkompetanse på sjukeheimar, når det er behov for det. Det vart sendt ein E-post frå fylkeseldrerådet den 09.11.2017 til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet handsama denne saka i møte den 05.04.2017, under ymse-posten. Rådet vurderte det slik, at dette var ein sak for det kommunale rådet og gjekk ikkje vidare med saka.

Det å skaffe teiknspråkkompetanse når det er behov for det, er ein rettighet som døve/tunghørde har krav på. Men sidan dette er eit kommunalt anliggende, kan ikkje RMNF gjera anna enn å gje ein uttale: «Fylkesrådet vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta dette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghørde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghørde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune».

Forslag til vedtak:

Forslag til uttale vert vedtatt:

Fylkesrådet vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta dette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghørde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghørde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune.

Frå protokollen frå møte i RMNF den 06.12.2017:**Røysting:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta dette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghøyrde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghøyrde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune.

Vert sendt fylkeseldrerådet som orientering, som referatsak i møte den 11.01.2018.